



Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900

5020 BERGEN

Sakshandsamar: Kari Morvik  
Telefon: 90734161  
Seksjon: Forvaltningsseksjonen i region  
Vest  
Vår referanse: 16/10644  
Dykkar referanse: 2016/5594-3  
Vår dato: 04.10.2016  
Dykkar dato: 22.08.2016

Att: Trond Olav Wahl

## **BLOM FISKEOPPDRETT AS 840215512 - UTTALE TIL SØKNAD TIL VURDERING VEDR UTVIDING AV LOKALITET10086 REKEVIKI I LINDÅS KOMMUNE**

Vi viser til oversending datert 22.08.2016 med søknad datert 19.08.2016 frå Blom Fiskeoppdrett AS. Søknaden gjeld løyve til utviding av MTB på lokalitet 10086 Rekeviki i Lindås kommune. Fiskeridirektoratet region vest skal gje ei fagleg uttale om konfliktpotensialet knytt til fiskeriinteressene. Vår uttale omhandlar ei vurdering av konflikt med fiskeriinteressene i høve til arealbruk og det marine miljø.

---

**Ut frå vår kjennskap til fiskeriinteressene og det marine miljø i området, rår  
Fiskeridirektoratet region vest til at søknaden vert stetta.**

---

### Om søknaden

Søknaden gjeld løyve til utviding av maksimal MTB for produksjon av laks og aure frå 1560 tonn til 3120 tonn MTB. Utvidinga skal skje innanfor eksisterande anlegg på lokalitet 10086 Rekeviki.

Siste løyve til etablering av anlegg på lokaliteten er datert 10.06.2015. Eventuell konflikt med fiskeriinteresser blei vurdert i samband med at det blei søkt om endring og utviding av anlegg. Jf. vår uttale datert 21.08.2015, vår ref. 15/8026. Fiskarlaget Vest blei høyrd i samband med søknad om endring av anlegg, vi finn det ikkje naudsynt å høyre fiskarlaget i samband med denne søknaden sidan den ikkje gjeld endring av anlegget.

Vår konklusjon i uttale datert 21.08.2015 var at utskifting av anlegg ved lokaliteten ikkje ville føre til auka konflikt med fiskeriinteresser i området.

### Påverknad og effekt på det marine miljø

Vi har ansvar for å følgje opp akvakulturanlegg i driftsfasa, mellom anna anlegget sin påverknad på det marine miljø.

Fiskeridirektoratet er opptatt av at avlusingsmiddel som inneheld kitinhemmarar vert nytta med varsemd. Særleg i område med verdfulle førekomstar av reke, kreps, krabbe og hummar.

### Marint biologisk mangfald

Det finnast data frå kartlegging av marint biologisk mangfald i området. I denne samanheng har fiskerimyndigheitene særleg merksemd mot å ta vare på gyteområde for kysttorsk, ålegrasenger, og sikre at rike førekomstar av korall og svamp ikkje vert dekkja til med slam. Ålegrasenger og korall- og svampbotn er viktige oppvekstområde for fisk.

Det er registrert viktig gyteområde for kysttorsk av lokal verdi i området der anlegget er lokalisert.

### **Vår vurdering**

Grad av konflikt med registrert gyteområdet er ikkje så stor at vi vil rå frå at det blir gitt løyve til utviding av produksjon i anlegget.

### *Miljøtilstand*

Det har vore drift på lokalitet 10086 sidan 1991. Miljøtilstanden under og i nærsona til anlegget har vore passa på gjennom MOM undersøkingar (etter NS 9410) og er blitt rapportert til Fiskeridirektoratet. Resultat frå undersøkingane som har vore gjennomført i driftsfasa har vist ein relativt stabil tilstand. Siste rapport datert oktober 2015 konkludera med tilstandsklasse 1 på lokaliteten. Tidlegare undersøking datert juni 2008, november 2010, januar 2013 og juni 2014 syner forholdsvis tilstand 1,1,2,2.

Prøvene er tatt omtrent rett etter utsett på lokaliteten og gir såleis ikkje eit godt bilde av tilhøva. Det blei funnet gravande botndyr ved 6 prøvepunkt.

Ved MOM B tatt i 2014 viste 3 prøvestasjoner tilstand 3 og 2 tilstand 4.

Med nytt løyve i 2015, fekk anlegget ny utforming. MOM undersøkingar som er gjort under det gamle anlegget kan soleis ikkje brukast som grunnlag for trendundersøking framover, men gir likevel eit bilete av miljøtilstanden i området.

Vi føreset at framtidige MOM undersøkingar blir utført etter ny standard. Undersøkingane vil bli følgt opp av fiskeridirektoratet. Jf. akvakulturdriftsforskriften §§ 35 – 36.

### **Vår vurdering**

Trendanalyser som er gjennomført i driftsfasa under tidlegare anlegg tyder på at miljøtilstanden er god i området og at dagens drift er innanfor miljøet si toleevne. Utviding av MTB kan endre dette biletet. Vi føreset at botntilhøva frå no vil bli undersøkt i samsvar med NS 9410:2016

Med helsing

Leni Marie Lisæter  
seksjonssjef

Kari Morvik  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift*

**Mottakarliste:**

Hordaland fylkeskommune                      Postboks 7900                      5020                      BERGEN

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland                      Postboks 7310                      5020                      BERGEN